

**Vårlotteri i idrettslaget**

28.04.2009

**Idrettslaget har no i gang eit vårlotteri med noko større omfang enn det som har vore vanleg før. Næringslivet i dalen har vore svært spandable med mange flotte gevinstar og loddseljarane er undervegs.**

Leiar Eli Eiane Klyve opplyser til uskedalen.no at loddsalet skal gå fram til sundag 10. mai. Då vil det bli gjort kjend kven som har vunne og det vil skje på Heio under den tradisjonelle sykkelrebusen rundt dalen som går denne dagen.

Den populære rebusjakta går med andre ord føre seg noko seinare enn det som har vore vanleg før. Men den vil nok ikkje vera mindre populær for det.